

Søknadsplikt for VA-anlegg

Dette skrivet er meint som eit retningsgivande dokument som skildrar kva VA-tiltak som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova. Føremålet er å gi førseiing og likebehandling for alle som arbeider med kommunale og private VA-anlegg slik at tiltak ikkje vert sette i verk utan nødvendig løyve. Det er òg meint å effektivisere ved at aktørane normalt skal kunne unngå å be om vurdering av søknadsplikt for dei ein skilde tiltaka, og bygningsmyndigheita skal sleppe å vurdere søknadsplikt for kvart enkelt tiltak.

Dokumentet viser til vurderingar gjort av bygningsmyndigheita. For tiltak som ikkje er omfatta av skildringane under, må aktørane vurdere søknadsplikt sjølv eller be om særskilt vurdering av bygningsmyndigheita. Krava i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter er framleis gjeldande for alle tiltak sjølv om dei er unntekne søknadsplikt.

Lovverket

Plan- og bygningslova § 20-1

Følgjande tiltak omfattast av byggesaksforsegna i denne lova:

- a) oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg
- b) vesentleg endring eller vesentleg reparasjon av tiltak som nemnt under bokstav a

Plan- og bygningslova § 20-2

Tiltak som nemnt i § 20-1, kan ikkje utførast utan at søknad på førehand er sendt kommunen og den deretter har gitt løyve, med mindre unntak følgjer av §§ 20-5, 20-6, 20-7 eller 20-8. Der det krevjast dispensasjon, kan ikkje tiltaket utførast før dette er søkt om og gitt.

Plan- og bygningslova § 20-3

Søknad, prosjektering og utføring av tiltak som nemnt i § 20-1, skal foreståast av føretak med ansvarsrett (...).

Plan- og bygningslova § 20-5

For følgjande tiltak som nemnt i § 20-1, er søknad og løyve ikkje nødvendig dersom desse er i samsvar med plan:

- e) mindre tiltak utandørs.
- g) andre mindre tiltak som kommunen finn grunn til å frita frå søknadsplikta.

Byggesaksforsegna (SAK10) § 4-1 bokstav f nr. 9:

Med mindre tiltak utandørs er meint bl.a.: lokal drenering, samt reparasjonar ved røyr- og leidningsbrot.

For å gjere andre unntak må det gjerast ein konkret vurdering av det enkelte tiltaket. Dette skrivet gir ein overordna vurdering av typiske VA-anlegg som vil omfattast av unntaket i bokstav g.

Vurdering av søknadsplikt

Nye VA-anlegg

Nye VA-anlegg (hovud- og stikkledning) er alltid søknadspliktige og skal omsøkjast med krav om ansvarleg føretak. Der det leggjast nye hovudleidningar og stikkleidningar samtidig, kan desse søkjast om og handsamast som eitt tiltak. Der grunneiarar eventuelt ønskjer å bruke andre føretak til å legge stikkleidningar inn til sine boliger, må føretaka erklære ansvarsrett for dei aktuelle stikkledningane, eventuelt søkjast om som eigne tiltak.

Der kommunen har gitt pålegg om tilkopling, kan etablering av stikkledning unntakast frå søknadsplikt på følgjande vilkår:

- Tiltaket må kun røre eigen eigedom, og eventuelt ut i veg (kan krevje graveløyve)
- Tiltaket må ikkje utløyse behov for dispensasjon
- Tiltaket må følgje kommunens VA-norm og avklarast med det aktuelle vassverket
- Tiltaket må ikkje røre dyrka mark.

Rehabilitering av eksisterande VA-anlegg

Rehabilitering av leidningsnett når arbeidet utførast ved grøfter, legging av nye røyr eller etablering av ny kum vil vere søknadsplikt.

Rehabilitering av eksisterande leidningsnett der arbeidet ikkje fører med seg særlege terrenginngrep og utførast med ein No-Dig metode, utblokking eller strømpøkøyring vert rekna som ikkje søknadsplikt jf. § 20-5. Bygningsmyndigheita legg følgjande føresetnadar til grunn:

- Heile prosjektet må gjennomførast med No-Dig metode, og kun nødvendige punktgravingar tillates for inn-/utkopling.
- Traséen må vere uendra.
- Tiltaket må utførast i tråd med NVEs kvikkleireveileder vedlegg 2, eventuelt vurderast i førekant av geoteknikar.
- Berørt område må istandsetjast, og dyrka mark/matjord må takast av lagvis og leggjast tilbake etter gjennomføring, etter prinsipp for jordflytting.
- Møre og Romsdal fylkeskommune må kontaktast i førekant av tiltaket for vurdering av behov for arkeologiske undersøkingar. Dersom de støyter på kulturminne i arbeidet, skal arbeidet umiddelbart stoppast og fylkeskommunen kontaktast.
- Grunneiarar og rettighetshavarar skal kontaktast i førekant, og nødvendige avtalar må inngåast.

Rehabilitering av stikkledning kan unntakast frå søknadsplikt føresett uendra trasé. Dette gjeld både ved tradisjonell utføring, med opparbeiding av grøft og legging av nye røyr, og som renovering gjennom grøftefrie metodar.

OBS! At tiltaket er unntekte søknadsplikt etter plan- og bygningslova fritar ikkje for søknadsplikt etter anna særlovgiving. Anleggsområde som rører dyrka mark er ofte av eit omfang som krev løyve etter jordlova. Inngrep i kantsoner mot vassdrag kan òg krevje eiga løyve frå Statsforvaltar.

Reparasjon av VA-anlegg

Reparasjon av VA-leidningsnett i samband med akutte hendingar vil ikkje vere søknadsplikt iht. plan- og bygningslova, jf. SAK10 § 4-1 punkt e nr. 9.

Som reparasjon er meint både punktreparasjon ved brot/lekkasje, utskifting av kortare røylengder, samt utskifting av skada/defekt kum med tilsvarande funksjon og plassering.

Følgjande vert ikkje rekna som reparasjon: kapasitetsauking/oppgradering, endra trasé, nye kummar/tekniske installasjonar på allereie eksisterande leidningsnett.

Anna info

Sjølv om eit tiltak er unntekte søknadsplikt, gjeld framleis plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter fullt ut. Ansvar for at tiltaket prosjekterast og utførast i tråd med regelverket, her under kommunens VA-norm, ligg på tiltakshavar der tiltaket ikkje er omsøkt. Bygningsmyndigheita kan føre tilsyn med tiltak som er unntekne søknadsplikt, og det er i så fall tiltakshavar som vil vere ansvarshavande i eit slikt tilsyn.

Uavhengig av søknadsplikt må føretak ha etablerte rutinar for å unngå spreiding av planteskadegjerarar og floghavre, typisk reingjering av maskiner og utstyr mellom eigedomar.

Bygningsmyndigheita får ofte spørsmål når VA-anlegg rehabiliterast, og vi bed derfor om å bli orienterte før slike arbeid startar opp.